

# Tilskot til kulturminne i Hordaland 2017

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) – Fylkeskommunale midlar



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



© MK's Prehistoric Arts & Crafts

Søknad om tilskot til større prosjekt for tilrettelegging av arkeologiske kulturminne, vår 2017. (saksnr: 2017/877)

	Søkjær	Prosjekt-namn	Om prosjektet (ifølgje søkjær)	Totale utgifter	Omsøkt	Tilråding	Grunngjeving
1	Austrheim kommune	Steinalderstien	UU-rampe til plasstøyppt utkikksplass. Skilt. Busslomme og handikapparkerin g	5.731.859,- -	400.000,-	400.000,-	Prosjektet fyller alle kriteria, og vil verta eit fyrtårnprosjekt som skil seg ut i fylket.
2	Bømlo kommune	Sokkamyro	Digital formidlingsapp med auka røynd (augmented reality) og UU tilkomst	600.000,-	400.000,-	Avslag	Prosjektet har for lite fokus på fysisk tilrettelegging med universell utforming.
3	Sund kommune	Skaganeset og kvalvågen	UU grussti til utkikkspunkt. Skilt og app.formidling.	1.535.000,- -	400.000,-	Avslag	Prosjektet fokuserer på fysisk tilrettelegging med universell utforming, men har ikkje same potensialet til å verte eit fyrtårn innan tilrettelegging.

## Austrheim kommune – steinalderstien

---

**Søkjar:** Austrheim kommune

**Prosjekt:** Universelt utforma rampe til utkikksplass. Plasstøpt dekke til utkikksplass. Etablering av parkering og busslomme. Informasjonsskilt

**Prosjektkostnad:** 5.731.859,-

**Søknadssum:** 400.000,-

**Tilråding:** Tilsegn kr 400.000,- grunna at prosjektet fyller alle kriteria i utlysinga, og er det prosjektet som i sterkast grad vil verta eit fyrtårnprosjekt som skil seg ut frå andre tilretteleggingar i Hordaland.

---

### Kulturminneverdi

I steinalderen var Fosnstraumen mellom Austrheim og Radøy ein sentral plass i 5000 år. Straumen gav ei stabil matkjelde, og difor finn me eit svært stort antal buplassar frå heile steinalderen her. Fangsfolka i Fosnstraumen var blant dei fyrste i Noreg som byrja eksperimentera med jordbruk. Området har svært stor kulturminneverdi, ikkje minst fordi landskapet kulturminna ligg i er lite påverka av moderne inngrep. Området er det største og mest samanhengande kjente kulturmiljøet for steinalderbusetjing i Hordaland som er bevart i dag. Det er ein eldre tilrettelagt kultursti med skilt i området. Austrheim kommune og Radøy kommune har saman tidlegare søkt midlar til oppgradering av denne tilrettelegginga, arbeidet med å få på plass nye skilt og ein formidlingsfilm som fortel om kulturminna vert ferdigstilt i 2017. Knytt til oppgraderinga av den eldre tilrettelegging har det vore eit mål om å ha moglegheiter for universell tilkomst til ein del av tilrettelegginga.

### Prosjektet

Midt i eit område med mange buplassar frå steinalderen ligg der ein bergrygg der det ikkje er kjent kulturminne, og difor er mogleg å laga ei tilrettelegging. Prosjektet er å laga ei universelt utforma rampe til denne ryggen, og her støype ei utkikksplattform som skal vera grunnlag for formidling av området. Ved vegen skal det lagast parkering, og busstopp slik at til dømes skuleborn kan komma til staden på ein trygg måte. Rampa vil gå gjennom eit område med fleire buplassar, og frå utkikksplassen vil det vera utsikt over Fosnstraumen, store delar av kulturminna på Austrheimsida av straumen, og utsikt mot steinalderbuplassane på Radøysida av straumen. Rampa ligg i traseen til den gamle tilrettelagte kulturstien, og ein enklare sti vil gå vidare frå utkikkspunktet til ei rundløype som òg tar for seg nyare tids kulturminne i form av restaurert kvernhus. Ein kan òg sjå samanhengen med eit nettverk av tilsvarande enkle turstiar på Radøysida av straumen.

### Vurdering

Prosjektet er godt skildra og fokus i søknaden ligg på fysisk tilrettelegging med universell utforming. Området har svært stor kulturminneverdi, og tilrettelegginga vil gje fysisk tilgang til ein viktig del av området og utsikt til store delar av området elles. Rampa er prosjektert og det er gjort detaljert greie for kostnader og for korleis tiltaket skal gjennomførast. Prosjektet har kvalitetar som gjer at det vil kunne verta eit fyrtårn prosjekt for Hordaland, der formidling og naturopplevingar fell saman i eit kulturhistorisk viktig område som er lite påverka av moderne inngrep. Rampa og utkikksplassen vil vera eit visuelt spennande element i området, som kan gjennomførast utan å koma i konflikt med verneinteressene.

## Bømlo kommune – Sokkamyro

---

**Søkjær:** Bømlo kommune

**Prosjekt:** Digital formidling via sitsim applikasjon med «augmented reality». Betre skilting og universell tilkomst.

**Prosjektkostnad:** 600.000,-

**Søknadssum:** 400.000,-

**Tilråding:** Avslag på søknad om midlar grunna for lågt fokus på fysisk tilrettelegging med universell utforming.

---

### Kulturminneverdi

Sokkamyro er ein referanselokalitet i Norsk steinalderarkeologi. Utgravingane her var ei av dei fyrste vitskaplege undersøkingane av ein steinalderbuplass i Noreg, og gav ny kunnskap om vår eldste historie. Sokkamyro er ein verkstadbuplass der grønstein frå Hespriholmen vart tatt i land. Her er funne store mengder produksjonsavfall, uferdige økser og knakkesteinar. Lokaliteten omfattar både buplassen og det som før var vika utanfor, men som no er ei langstrakt myr mellom Bygdatunet og Langevåg skule. Det er stort potensiale for fleire funn på staden, og det kan vera gode bevaringsforhold her. Lokaliteten er tilrettelagt med skilt, og det er laga ein formidlingsfilm om staden. Det er gjennomført eit forprosjekt for tilrettelegging av kulturminnet, og Bømlo kommune har tidlegare søkt midlar til tiltak knytt til Den kulturelle skulesekken for formidling av kulturminnet til skuleborn. Det ligg ikkje føre svar på denne søknaden endog.

### Prosjektet

Prosjektet har fokus på digital formidling via ein applikasjon som nyttar «indirekte augmented reality». Teknikken er at kunden kjøper app'en på staden og held telefonen opp som eit kamera. På skjermen vises då landskapet du er i, med den situasjonen/tidsepoken du vil fortelja noko frå. Konseptet kan vidareutviklast til å gjelda andre kulturminne på Bømlo. Betre skilting og universell tilkomst er òg nemnd i søknaden som ein viktig del av formidlinga av staden, men planane om universell utforming er ikkje skildra nærare.

### Vurdering

I utlysinga er det spesifisert at det omsøkte prosjektet skal ha kvalitetar innan fysisk tilrettelegging med fokus på universell utforming. I søknaden frå Bømlo kommune er universelt utforma tilkomst nemnd, men det er ikkje skissert noko konkret om korleis dette er tenkt. I budsjettet i søknaden er det sett av kr 50.000,- til «utgifter til universell tilkomst», og hovudfokus i søknaden ligg på digital formidling. Søknaden gjer ikkje informasjon om korleis universell tilkomst er tenkt gjennomført, og summen sett av til universell utforming i budsjettet verkar urealistisk låg til å leggja lokaliteten tilrette for alle. Prosjektet stiller sterkt når det gjeld samarbeid og sterke verneinteresser og særskild kulturminneverdi, men folkehelseperspektivet er ikkje synleg i søknaden.

## Sund kommune – Skaganeset og Kvalvågen

---

**Søkjær:** Sund kommune

**Prosjekt:** Universelt utforma grussti til utkikksplass. Skilt og interaktiv formidling/web applikasjon.

**Prosjektkostnad:** 1.535.000,-

**Søknadssum:** 400.000,-

**Tilråding:** Avslag grunna for lågt fokus på fyrtårnaspektet ved utlysinga. Prosjektet er godt skildra og fyller kriteria for ordninga, men skil seg ikkje nok frå andre prosjekt til at ein kan kalla det eit fyrtårnprosjekt for Hordaland.

---

### Kulturminneverdi

Skaganeset og Kvalvågen har ei særskild og viktig historie som gjer stor tidsdjupne til landskapet. Det er ei rekkje steinalderbuplassar på Skaganeset, og heile området har i tillegg ei unik kvalfangsthistorie som strekkjer seg attende til mellomalder og har halde fram til nyare tid. Det er fysiske spor etter opptrekk av kval i form av ein voll kalla Kvalvollen, og historiske kjelder fortel av denne vart nytta fram til 1887. Det gode fisket i vågen har vore eit grunnlag for busetjing frå steinalder og opp til våre dagar. Sund kommune har tidlegare søkt midlar til eit forprosjekt for tilrettelegging og formidling av kulturminna og den rike historia til området. Det ligg ikkje føre svar på denne søknaden endog. Riksantikvaren har i samband med tidlegare regulering av området vurdert området til å vera av nasjonal og internasjonal verdi.

### Prosjektet

Målet med prosjektet er å ta vare på og formidla kunnskap knytt til kulturminna på Skaganeset og kring kvalvågen, samt formidla historie i samband med turgåing i eit naturlandskap med mange kulturminne. Den spesielle og unike historia om kvalfangsten skal formidlast og utviklast som attraksjon/reiselivsprodukt. Det skal etablerast ei turløype i området som skal synleggjera og formidla kulturminna i kombinasjon med turgåing. Det omsøkte prosjektet er å etablere delar av denne turløypa som ein universelt utforma grussti som går til eit utkikkspunkt. Her skal det kunne vera opplegg for skuleborn, og stien vil gå tett ved fleire steinalderbuplassar. Merking og skilting av stien er del av prosjektet, samt interaktiv formidling i form av ein applikasjon.

### Vurdering

Prosjektet er godt fundert i høve til folkehelse og friluftsliv. Kulturminneverdien er høg, og det er sterke verneinteresser. Det er òg gjort godt greie for korleis prosjektet vil vera eit samarbeid med fleire perspektiv, som friluftsliv, historieformidling og reiseliv. Prosjektet har eit godt fokus på fysisk tilrettelegging med universell utforming, sjølv om detaljane kring gjennomføringa av dette kunne vore betre skildra. Prosjektet vil vera eit svært godt tilretteleggingstiltak på linje med andre tilsvarande prosjekt i fylket, men skil seg ikkje frå andre tilsvarande prosjekt.

## Samla vurdering

Alle dei innkomne søknadene har gode kvalitetar, og når det er kulturminneverdi er det lite som skil dei ulike prosjekta frå kvarande. Dei tre kulturminneområda er unike på kvar sin måte, og alle tilretteleggingsprosjekta vil gjera mykje for å formidla og tilgjengeleggjera dei aktuelle områda. Hordaland fylkeskommune er positiv til alle prosjekta, og vonar samtlege prosjekt vert gjennomført.

To av søknadene fyller kriteria for ordninga på alle punkt. Prosjektet skulle ha kvalitetar innan fysisk tilrettelegging med fokus på universell utforming, og Austrheim og Sund søker begge midlar til universelt utforma tilkomst til eit utkikkspunkt der kulturhistoria kan formidlast som del av landskapet. I begge prosjekta vil vegen til utkikkspunktet gå forbi buplassar frå steinalderen. I Sund er det planar om ein grussti, i Austrheim er prosjektet ei rampe.

Hordaland fylkeskommune ynskjer eit fyrtårnprosjekt, det vil sei noko som skil seg frå andre tilretteleggingsprosjekt. Austrheim kommune har levert ein godt fundert søknad med detaljerte skildringar av ei tilrettelegging som skil seg frå eksisterande prosjekt i Hordaland gjennom omfang, graden av tilgjengeleggjering, arkitektonisk verdi og ambisjonsnivå. Prosjektet fyller alle kriteria som var nemnd i utlysinga. Austrheim kommune søker midlar til ei universelt utforma rampe og ein plasstøyppt utkikksplass med skilt der det vil vera utsikt over store delar av Fosnstraumen og steinalderbuplassar på begge sider av straumen. Det er gjort godt greie for planar om tilkomst, gjennom skildringar av busslomme og parkering. Prosjektet er del av eit større nettverk av turstiar og vil koma alle som nyttar området til gode. Det er frå søknadene tydeleg at Austrheim er kome lengre med sitt prosjekt, ettersom tiltaket her er prosjektert og det ligg føre konkrete planer om gjennomføring, materialbruk og kostnader. Tidsramma for prosjektet er ikkje skildra nøyaktig, og kommunen er i fyrste fase for finansiering av prosjekt, som har ei samla kostnadsramme på 5.731.859,-. Austrheim kommune kjenner seg trygg på at dersom dei får tilsegn om midlar frå Hordaland fylkeskommune så vil den øvrige finansieringa falla på plass. Målet med utlysinga av midlar var å stimulera til nettopp slike prosjekt, der ein kommune har store ambisjonar om eit prosjekt utanom det vanlege, og tilsegn om midlar til dette prosjektet vil vera eit tydeleg signal om at fylkeskommunen ser viktigheita av prosjektet og området og står opp om dette. Grunna omfanget og at prosjektet er i ei tidleg fase er det ikkje sett ei tidsramme i søknaden. Arbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid med Hordaland fylkeskommune, og det vil verte sett vilkår om årleg rapportering om framdrift i prosjektet.